



Oppdrettsbåten Tobias med røtter Johnny Hansen ombord på plass att i båthamna

Ein kvinnhering i 30-åra er dømt til fengsel i 5 månader for mellom anna å ha stole oppdrettsbåten Tobias i Uskedalen. Den høyrer til Sjøtroll Havbruk og blir nytta på anlegget utanfor Skorpo.

Tjuveriet fann stad ein fredagskveld i mars iår og mannen hadde ein kamerat med seg då han tok båten frå båthamna og køyrde til Rosendal. Der vart båten funnen søndag morgon.

Dei ribba båten for det meste og hovudmannen er dømt for båtbrukstjuveri, simpelt og grovt tjuveri og i tillegg narkotikabrotsverk. Dei tok 3 redningsvestar, 3 knivar, eit førstehjelpskrin, ei flaske med bedøvingsmiddel for fisk, ein startpistol og eit verktøyskrin.

Kvinnheringen avga tilståing utan atterhald og saka gjekk som tilståingssak i tingretten. Han er tidlegare dømt og inne i ein rehabilitering men retten fann ikkje grunn til samfunnsstraff.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen